

---

Saksnr: 2021/2427-2  
Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		14.06.2021
Fylkesutvalet		22.06.2021

## Vedtak planprogram regional plan kultur, idrett og friluftsliv for Vestland 2023 - 2035

### Forslag til innstilling

1. Planprogram for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv for Vestland 2023-2035 vert vedteke slik det ligg føre.
2. Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv for Vestland vert utarbeidd med 4 plantema
  - a) Vestland - ein leiande kulturregion
  - b) Berekraft
  - c) Demokrati, deltaking og mangfald
  - d) Verdiskaping

### Samandrag

Fylkesrådmannen legg fram forslag til planprogram for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv for Vestland 2023-2035. Planprogrammet legg opp til ein overordna plan som viser korleis kultur, idrett og friluftsliv kan vere med i løysinga av viktige samfunnsutfordringar i Vestland.

I høyringa kom det inn 76 skriftlege innspel. Om lag 300 har delteke på 4 innspelsmøter. Fylkesrådmannen held fast på dei fire foreslegne plantema, og har justert og endra noko på kvart enkelt plantema på bakgrunn av høyringsinnspel.

Det er ikkje gjort endringar som vil utløyse ny høyringsrunde, og framlegg til planprogram kan vedtakast som det ligg føre.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

I Utviklingsplan for Vestland (regional planstrategi), av 29.09.20 er det vedteke å utarbeide ein regional plan for kultur, idrett og friluftsliv. Her skal utviklingsplanen sine mål og strategiar omsetjast til kultursektoren.

Fylkesutvalet vedtok 02.03.21 å legge framlegg til planprogram for regional plan kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035 ut til offentleg ettersyn i perioden 02.03.21 - 20.04.21, ein høyringsperiode på 7 veker. Kravet i plan og bygningslova er minimum 6 veker.

Det har kome 76 skriftlege innspel i høyringa. I tillegg har om lag 300 delteke på 4 innspelsmøter. Innspela fordeler seg på slik:

Organisasjonar	Tal innspel	
Frivillige organisasjonar	29	9 kunst og kultur 10 kulturarv 2 inkludering 1 idrett 5 friluftsliv 2 andre
Kommunale og fylkeskommunale organ	17	10 kommunar 5 råd 2 fylkeskommunale råd
Kulturinstitusjonar	14	2 utdanning 7 museum 5 kunst og kultur
Statlege organ	5	
Andre	6	
<b>Totalsum</b>	<b>76</b>	

Vedlagt ligg høyringsrapport i to delar. I første del er det løfta fram 8 punkt som summerer opp dei mest sentrale innspela til planprogrammet. Dette er innspel som har ført til endringar og justeringar i planprogrammet.

Innspela er sortert under overskriftene:

- Fagplanar, omtale av eige felt og interesser
- Avklaringar av omgrep som er brukt i planprogrammet der nokre innspel meiner dei vert oppfatta som mest relevant for kulturfeltet.
- Særpreg i regionen
- By og land som samverkar og styrkar kvarandre
- Møteplassar
- Kunnskap og kompetanse
- Planbehov, tilhøve til andre regionale planar
- Identifisere og synleggjere områder på tvers

Del to av rapporten er ei detaljert oversikt over alle innspel med ei kort vurdering.

#### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet jf. delegeringsreglement

#### Vurderingar og verknader

Planarbeidet har skapt stort engasjement. Innspela er gode, varierte og velformulerte. Fylkesrådmannen vurderer at det er mykje støtte til val av plantema, og at desse fungerer godt som grunnlag for vidare planarbeid.

Det har kome inn ei rekke nye forslag. Mange etterlyser større fokus på eige felt og har gode innspel til strategiar for å synleggjere felta. Det er gjennomgåande at friluftslivsfeltet etterlyser endring av fokus mot fagplanar. Det er også ein del andre aktørar som er opptatt av at idrett og friluftsliv må få eigen omtale.

Vidare er det mange innspel på satsingar, prioriteringar og tiltak som vert følgt opp i det vidare planarbeidet. Dette gjeld også mange innspel på kunnskapsgrunnlag som bør styrkast og utfyllast.

Innspela er summerte opp i høyringsrapporten sin del 2. Her har vi nytta trafikklys med grønt felt (tatt til følgje), gult (tatt med vidare i prosessen), og raudt (ikkje tatt til følgje).

Hovudsakleg er innspela vurdert som gule, dvs innspel som vi tek med vidare i prosessen. Dette fordi dei høyrer heime i arbeidet med den regionale planen eller med handlingsprogram.

Innspela som ikkje er tatt til følgje dreier seg om framlegg til nye plantema. Det er i utgangspunktet støtte til foreslegne plantema, og så framlegg til fleire plantema. Det er ein organisasjon som held fram at dei ønskjer ei fagspesifikk tilnærming til planarbeidet. Ut frå den store tilslutninga til val av plantema, vel fylkesrådmannen å halde på dei fire plantema som er foreslått. Vi har likevel endra noko på overskriftene på plantema for å gjere dei enklare og meir spissa, i tillegg til at vi har supplert, justert og endra noko i den tekstlege omtalen av det enkelte plantema i tråd med dei innspela vi har tatt til følgje. Hovudområda planen skal arbeide etter vert da:

- Vestland - ein leiande kulturregion
- Berekraft
- Demokrati, deltaking og mangfald
- Verdiskaping

Det er vidare gjort tekstlege justeringar i planprogrammet for å gjere teksten noko enklare, men utan at dette har påverka innhald eller budskap i teksten.

Fylkesrådmannen vurderer at vi held på ambisjonen om ein regional plan som set kultur, idrett og friluftsliv inn i sentrum av samfunnsutviklinga gjennom å planlegge etter overordna utfordringar i Utviklingsplanen for Vestland. Her set vi utfordringane inn i kultur sin kontekst og leverer løysingar til samfunnsutfordringane. Kulturaktørane i Vestland har mykje å bidra med for å løyse dei utfordringane som er peika på i Utviklingsplanen for Vestland. Fylkesrådmannen vurderer vidare at behovet for nye planar, temaplanar eller strategiar vert avklart i arbeidet vidare med regional plan.

#### **Økonomi:**

Planarbeidet vert utført innan rammene for eksisterande budsjett.

#### **Klima:**

Denne regionale planen vert utarbeidd etter utviklingsplanen sine målsettingar innan berekraft. Planarbeidet går parallelt med regional klimaplan. Planane har tilgrensande tema og dette vert koordinert. Planarbeidet har eit hovudtema om berekraft.

#### **Folkehelse:**

Denne regionale planen vert utarbeidd etter utviklingsplanen sine målsettingar, folkehelse er eit sektorovergripande område og vert omhandla i planen som har tilgrensande tema og dette vert koordinert. Kunnskapsgrunnlag er forankra i m.a. idrett og friluftsliv, integrering og inkludering. Tiltak i planen har utjamnande effekt og bidreg til inkludering og demokratisering.

#### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Regional plan bygger på Utviklingsplan for Vestland, berekraftsmåla og set eit nyskapande og berekraftig fokus på kultur som samfunnsutviklar.

#### **Konklusjon**

Planprogrammet er justert som skissert over, og i høyringsrapporten. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå er det har kome inn høyringsinnspel som viser behov for så store endringar av planprogrammet at det vil utløyse ny høyring.